

Kvinnheringen har hatt eit oppslag under tittelen "Tursmål i nærområdet" om ei ny turbrosjyre som no er utgjeve og som omfattar Utåker, Sandvoll, Valen, Sunde og Herøysund. Ved Herøysund stoppar brosjyra og turmåla i Uskedalen er ikkje ofra så mykje som eitt ord.

Brosjyra er eit resultat av nært samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar frå seks bygder, står det å lesa. Sven Løkeland frå Valestiftinga seier til avisa at brosjyra er resultat av eit unikt og spanande samarbeid. Det har mellom andre vore med ein frå bedriftsidrottslaget til Sørø i arbeidsgruppa. Det er Bjørn Heimvik.

Også leiaren i Kvinnherad Turlag, Anne Kari Enes har delteke i arbeidet som medlem av gruppa.

Uskedalingar har reagert sterkt på at brosjyreteksten stoppar ved Herøysund og dei viser mellom anna til at det er mange medlemmer i Sørø sitt bedriftsidrottslag frå Uskedalen. Dei undrar seg også over at leiaren i Kvinnherad Turlag, som skal representera heile kommunen, har vore med.

- Kvifor er Uskedalen gløymd, har **uskedalen.no** spurd Anne Kari Enes.

- Uskedalen er naturlegvis ikkje gløymd, men prosjektet måtte begrensast. Hadde vi også teke med dei andre bygdene, ville det ha vorte altfor omfattande. Ein stad måtte vi setja grensen og at den kom til å gå mellom Herøysund og Uskedalen er heilt tilfeldig, forsikrar turlag-leiaren.

Ho opplysar at det seinare vil bli gjeve ut ei tilsvarande tursmål-brosjyre som omfattar dei andre bygdene i Kvinnherad.

Så får vi berre vona at det ikkje tek for lang tid før den kjem.

Av Ola Matti Mathisen